

Ål kommune

Profil 2010 - 2030

”KULTURKOMMUNEN ÅL”

- ***Ål bygger profilen sin kring kultur og helse***

Plan for profil og omdømmebygging
31.05.10.



1 Innleiing

Arbeid med prosjektet "Profil- og omdømmebygging i Ål" har vore gjennomført i perioden 2006 – 2009. Det er lagt stor vekt på at dei tiltak som blir tilrådd i denne planen har brei forankring i lokalsamfunnet.

Styringsgruppa for prosjektet har vore:

- Torleif T. Dalseide, ordførar og leiar i gruppa
- Torhild Helling Bergaplass, formannskapet
- Kari Grete Kleivstøl, dagleg leiar i Ål Utvikling AS
- Kåre Gåsbakk, avdelingsbanksjef Ål, Sparebank1 Hallingdal
- Karsten Dideriksen, kommunalsjef
- Bjørgulv Noraberg, rådmann

Jon Ola Bergaplass har vore prosjektleiar i forstudie, forprosjekt og delar av hovudprosjektet. I slutfasen har styringsgruppa sjølve hatt prosjektleiinga.

Styringsgruppa har lagt vekt på tiltak som styrkar profil og omdømme for Ål som kommune og lokalsamfunn. Tiltak som styrkar samhandling mellom offentleg og privat sektor er viktige, det same er tiltak som legg til rette for trivsel, busetnad, arbeidsplassar og gode kommunale tenester.

Profil og omdømme for Ål skal byggjast kring to sentrale omgrep:

- **Kultur**
- **Helse**

Ål har eit omdømme som "Kulturkommunen i Hallingdal". Dette vil me byggje vidare på, og det skal omfatte alle sider ved eit utvida kulturomgrep.

Kommunen er "helsekommunen" i dalen, med Hallingdal sjukestugu som den sentrale institusjonen. I samband med gjennomføring av samhandlingsreforma vil me (saman med dei andre kommunane i Hallingdal) utvikle Hallingdal Sjukestugu til Hallingdal Lokalmedisinske Senter.

Det vil vere ein styrke for næringslivet, og særskilt reiselivet, å byggje profil og tiltak på omgrepa kultur og helse.

Planen er tenkt å vere eit felles fundament for utviklinga av Ål. Den er ikkje på nokon måte ein fullstendig eller altomfattande plan, men kan vere noko å hente "næring" i for både kommune og næringsliv samt lag og organisasjonar i deira vidare utvikling.


2 Plansamanheng

Kommuneplanens samfunnsdel - "Kommuneplan for Ål kommune 2006 – 2018 – langsiktige mål og retningslinjer" - er det sentrale dokumentet for utvikling, planlegging og tiltak i Ål kommune.

Ny plan- og bygningslov frå 2009 legg klare føringar på prinsippa i kommunane si planlegging.

Denne planen om profil og omdømme er å rekne som ein "kommunedelplan" i høve til plansystemet. Planen er ei konkretisering av mål og tiltak i kommuneplanen, og innspel til budsjett og økonomiplan når det gjeld gjennomføring og løyving av ressursar.

Plansystemet er slik:



2 Målsettingar

Viktige mål for utviklinga fram til 2030 er:

Ål kommune har 5000 innbyggjarar i 2030

- Kommunen er attraktiv for unge og barnefamiljar
- Vi har "fyrtårn" og attraksjonar som gjer unge stolte av bygda si
- Kulturlandskapet er teke vare på mellom anna ved auka vidareforedling av mat
- Den fysiske infrastrukturen er godt utbygd
- Energi, natur, miljø, helse og kultur har høg prioritet
- Det er etablert miljø for forskning og utvikling knytt til helse, kultur, IKT og media

Det er skapt 150 nye arbeidsplassar i perioden

- Reiselivsnæringa er utvikla vidare etter ein natur- og miljøprofil
- Det er lagt til rette for å auke talet på varme senger i kommunen
- Talet på gardar og stølar i drift er oppretthalde
- Vi har attraksjonar for fastbuande og besøkande heile året
- Grøn omsorg, sunn livsstil og god tilrettelegging for menneskje med nedsett funksjonsevne
- Helse, kultur, forskning og utvikling gjev nye arbeidsplassar

Trivsel for fastbuande og besøkande

- Grøn infrastruktur med løyper, vegar, stigar og bussar
- Gode og store arrangement styrkar profil og arbeidsplassar, og gjev auka trivsel
- Det er satsa målretta på vidare utvikling av Ål som "kulturbygda"
- Gode offentlege tenester, med særleg vekt på friskliv, førebygging, helse og omsorg

Ål er i 2030 kjent for

- Trivsel og ein god stad å vekse opp og bu i
- Kulturbygda og –kommunen, som både tek vare på tradisjonar og er nyskapande
- Gode og store arrangement
- Ein tidsmessig og framtidsretta kommune, samtidig som ein tek med seg tradisjonar og særtrekk
- Eit reiseliv som er tufta på helse, kultur, natur, miljø og livsstil
- Aktivt friluftsliv
- Ein sterk energikommune som nyttar kraftinntektene på ein målretta måte.
- Grøn infrastruktur (miljø, klima, låge utslepp)
- Vitale og gjestfrie gardar og stølar
- Framifrå kultur- og helsetilbod

4 Langsiktig profilbygging

Profilen til Ål kommune skal vere

”Kulturkommunen Ål”

som skal byggjast kring omgrepa

- **Kultur**
- **Helse**

Profilen skal vere synleg i all vår kommunikasjon, både internt og eksternt.

- For at dei profilbyggjande elementa som er omhandla i kapittel 5 nedanfor skal ha effekt, må det utviklast nærare planar for dei enkelte, med konkrete tiltak, ansvar og finansiering. Det vert gjort i budsjett, økonomiplan og handlingsplan.
- Av dei midlane som kvart år vert disponert til næringsutvikling (2010: 5,5 mill nok), skal eit nærare definert beløp avsetjast til profil- og omdømebygging.
- Ansvaret for koordinering og utvikling av profil- og omdømmearbeidet ligg hjå formannskapet politisk og rådmannen administrativt. Ål Utvikling, Ål kulturhus, kultursjefen og arrangementskoordinatoren er sentrale aktørar i arbeidet.
- Ål sin logo – utvikla av Ål Utvikling – bør nyttast mest mogeleg og av flest mogeleg.

5 Profilbyggjande tiltak fram til 2030

Med grunnlag i den omfattande prosess det har vore i planarbeidet, er følgjande emne sentrale for å nå måla:

Kultur og arrangement

Vi skal byggje vidare på det rike og varierte kulturlivet og dei arrangementa som finns i kommunen i dag. Dette skal utviklast vidare for å styrke kommunen sin profil og omdømme.

Dette er gode profilbyggjande tiltak fordi

- Ål er kjent som "kulturkommunen i Hallingdal", og det vil bli oppfatta som klokt og framtidsretta å utvikle dette vidare.
- Ål Kulturhus er eit viktig og kjent omgrep.
- Ål har profil som "arrangementskommune", og det vil vere rett å utvikle dette vidare.
- Kyrkja og kulturen skal ha ein brei plass i lokalsamfunnet.
- Kultur er eit vidt omgrep og famnar mykje av det som ligg til grunn for "det gode liv".
- Arrangementa gjev omtale i media, både lokale og nasjonale, og dette er profilbygging som ein ikkje kan nå med "vanleg" marknadsføring.
- Idrettsanlegga har høg og velfungerande standard, tilpassa arrangement og lokal bruk.

Føresetnader

- Kultur og arrangement må ha forankring i kommunale planar og strategiar (kommuneplan, økonomiplan, kulturplan m.m.), og det må årleg løyvast midlar til utvikling av områda.
- Områda må organiserast slik i den kommunale organisasjonen (politisk og administrativt) at det er kraft nok til målretta gjennomføring.
- Nært samarbeid mellom kommunen, frivilljuge organisasjonar, handelsstanden, reiselivet og innbyggjarane elles .
- Ål Kulturhus vert utvikla vidare.
- Ål Arrangementsforum vert utvikla vidare som ein sentral arena for vedlikehald og utvikling av arrangement.

Helse, omsorg og livsstil

Me skal utvikle Ål vidare som "helsekommunen" i Hallingdal, og utvikle livsstilsprosjekt som passar for Ål som senter for helse, kultur og livsstil i regionen.

Etablering av Hallingdal lokalmedisinske senter (Samhandlingsreforma) og vidareutvikling av Hallingforsk skal ha prioritet.

Dette er gode profilbyggande tiltak fordi

- Ål er "helsekommunen" i Hallingdal, med Hallingdal sjukestugu, base for luftambulans, Hallingforsk, Undervisningssjukeheim for Buskerud og Hallingdal FoU-senter under etablering. Vidare utvikling av desse er viktig for at kommunen/regionen kan bli eit "trekkplaster" for fagfolk innan helse og omsorg.
- Det vil vere positivt for landbrukskommunen Ål å kunne gje tilbod innan "grøn omsorg". Det kan mellom anna gjerast gjennom prosjektet "Inn på tunet", med utvikling for målgrupper som til dømes barn, folk som treng arbeidstrening, brukarar innan psykisk helse, utviklingshemma, eldre og demente.
- Eit livsstilsprosjekt kan vere med å utvikle profil som "sunn kommune". Prosjektet Ål 52 (52 turar i Ål) kan vere eit element i dette.
- Helse i vid forstand vil framover vere eit viktig element i reiselivsnæringa lokalt og nasjonalt.

Føresetnader

- Større og utvida fagmiljø vil skape nye og oppretthalde eksisterande arbeidsplassar.
- Grøn omsorg kan vere attåtnæring for interesserte bønder.
- Livsstilsprosjekt vil skape arbeidsplassar både for prosjektleiarar og andre.
- Alle tiltaka vil vere fremjande for trivsel for både involverte og meir generelt for profil og omdømme.
- Kommunen må ha ei rolle som tilretteleggjar og koordinator for å utløyse engasjement og tiltak hjå andre.
- Reiselivet i Ål vert utvikla med ein profil tufta på helse, kultur, miljø og livsstil.

Grøn infrastruktur (vegar, løyper, stigar, sykkelstigar)

Me skal styrke grendene, landbruket og hytte- og besøksnæringane. Det skal leggst til rette for trivsel og skapast attraksjonar ved at nettet av vegar, stigar og løyper vert vidareutvikla og knytt saman med miljøvenlege kommunikasjonsmiddel.

Dette er gode profilbyggande tiltak fordi

- Tiltaka vil kunne ha stor effekt for langsiktig verdiskaping, sysselsetting, arbeidsplassar og verdi på eigedomar – særleg om det vert kopla på ein god måte med reiselivet.
- Det tradisjonelle landbruket vert styrka ved at fleire får utvida inntektsgrunnlaget sitt.
- "Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres", som har målsetting om at Hallingdal skal bli ein "grøn region", vil leggje eit fundament for grøn infrastruktur. Vidare arbeid med kommunedelplan for energi og klima i Ål vil konkretisere tiltak for å nå måla.
- Tiltaket innan dette feltet vil kunne vitalisere gardar og stølar, gamle stigar og vegar i kombinasjon med nye former for fysisk aktivitet og sunn livsstil til alle årstider.
- Med eit stort tantal godt skilta og tilrettelagde løyper, stigar og sykkelvegar vil Ål i vesentleg større grad bli oppfatta som attraktivt reisemål/destinasjon. Turistar vil ha aktive feriar.

Føresetnader

- Godt samarbeid mellom grunneiarar og mellom grunneigarar og kommune.
- Økonomiske ressursar til gjennomføring av tiltak og vedlikehald av dei.
- Fokus på å gjennomføre tiltak som hindrar attgroing i landskapet.

Infrastrukturen i Ål og Hallingdal

Ål skal knytte eigen infrastruktur til jernbane, buss, miljøvenlege bilar og elektronisk infrastruktur. Kommunen skal vere sterk pådrivar for regional utvikling på desse områda.

Dette er gode profilbyggande tiltak fordi

- Det styrkar Ål som regionalt ressurscenter innan kultur og helse.
- Det er i tråd med internasjonale, nasjonale og regionale målsettingar og satsingsområde innan energi og miljø.

Føresetnader

- Systematisk politisk lobbyarbeid i regionen og overfor sentrale styresmakter.

Tiltak

Statlege tiltak:

- Gjennomføring av vegprosjektet **Sokna – Ørgenvika** så fort som råd, med ferdigstilling seinast i 2015.
- Auke standarden på **RV7** på heile strekninga mellom Hønefoss og Granvin.
- Opprusting av **Bergensbanen** innan 2020, med mål om at reisetida Oslo – Hallingdal vert redusert med minst ein time.
- Bygging av **Ringeriksbanen** innan 2020.

Lokale tiltak:

- Legge asfalt på alle kommunale vegar (ca 90 km) innan 2020.
- Bygge ut elektronisk infrastruktur i alle grender i kommunen.

Sentrum, folkeparken og kulturhuset

Ål sentrum (Sundre) skal utviklast vidare som eit attraktivt kommunesenter, med vekt på handel, kultur, miljø, trivsel og opplevingar.

Ål har eit godt etablert og kjent kulturhus, som er Hallingdal si storstove for kulturopplevingar i vid forstand. Kulturhuset skal utviklast vidare som "Kulturhuset i Hallingdal".

Utvikling av Ål Folkepark med miljøprofil vil vere viktig for nærings- og sentrumsutvikling og Ål som reiselivsdestinasjon.

Dette er gode profilbyggande tiltak fordi:

- Større aktivitet og breiare tilbod i kulturhuset og folkeparken vil gje positiv verknad for handelsnæringa med auka omsetnad, og for reiselivet i form av auka belegg. Dette vil gje nye arbeidsplassar både i kulturhuset/folkeparken og næringslivet elles.
- Innbyggjarane i Ål vil føle auka stoltheit ved å bu på ein stad der det er flott kulturhus og eit sentrumsnært overnattingstilbod med miljøprofil, som har aktivitetar for barn, ungdom og vaksne.
- Arrangement og aktivitet i kulturhuset gjev tilstrøyming av folk til bygda, og vil ha positiv effekt for auka busetjing, rekruttering av kvalifisert arbeidskraft og val av Ål som "hyttekommune".
- Kulturhuset, kulturlivet elles og kompetansemiljøa i Ål/Hallingdal legg grunnlag for å utvikle eit utdanningsmiljø kring kunst/kultur/musikk/lyd/lys.
- Ål kyrkje sitt prosjekt "Folkemusikk og gudsteneste – tradisjonar og nyskaping" er eit døme på kyrkjeleg nyskaping og vilje til kreativ tenking kring liturgi og gudsteneste.

Føresetnader

- Vidare utvikling av Sundre skjer med ein klar miljø-, natur- og kulturprofil – der det blir lagt stor vekt på trivsel og opplevingar i tillegg til handel.
- Det er politisk vilje vil å utvikle Ål Kulturhus på ein måte som og gjev rom for andre aktørar/verksemder med miljø- og kulturprofil.
- Utvikling av Ål Folkepark skjer i nært samarbeid mellom utbyggjar og kommune.
- Utvikling av Ål Skisenter og Øvre Ålsåsen skjer i eit heilheitleg perspektiv, der det er lagt vekt på samhandling og samarbeid mellom skisenteret, grunneigarar og kommunen.
- Synleggjering av samarbeid mellom kyrkjelege og andre kulturelle instansar i seg sjølv er positiv. Det blir lagt merke til både i folkemusikkmiljø og kyrkjelege kretsar, og set Ål på kartet.

Tilflytting – auka folketal

Kommunen skal stimulere til bygging av bustader til unge familiar og andre som ønskjer å flytte til Ål, enten i eige regi eller saman med andre instansar.

Det skal vere mogeleg å leige bustaden ei tid for seinare å kjøpe han.

Me skal utvikle desentraliserte høgskulestudiar, forskning og utvikling som legg til rette for at det er mogeleg å kombinere arbeid i Ål/Hallingdal med utdanning/kompetanseutvikling i regionen.

Dette er gode profilbyggande tiltak fordi

- Når det er lett å få leige bustad ei tid, for seinare å kjøpe den eller ein annan bustad, vert det lettare å rekruttere unge som busette i Ål.
- Desentraliserte høgskulestudiar vil gjere det mogeleg å kombinere bustad i Ål/Hallingdal med arbeid og samtidig utdanning.
- Med gode studietilbod i regionen vil det vere lettare å rekruttere arbeidskraft til kommunale/offentlege stillingar og til næringslivet.
- Eit forskingsmiljø vil stimulere til at me kan rekruttere høgt kompetente personar til Hallingdal, både som faglege ressursar og kreative innbyggjarar.

Føresetnader

- Bustadområda er attraktive og lagt godt til rette for barnefamiliar og menneske med nedsett funksjonsevne. I felta er det grønne areal, gode leikeområde og trygge trafikkløysingar
- Det er til ei kvar tid ledige og byggjeklare bustadtomter i grendene og på Sundre
- Det er ledige bustader, slik at interesserte kan leige og eventuelt kjøpe seinare
- Det er bygd opp høgskulestudiar og forskings- og utviklingsmiljø som gjer det mogeleg å gjennomføre studiar eller forskning samtidig med arbeid i regionen
- Det er full barnehagedekning og godt utbygd skuletilbod.

6 Arbeidet med profil- og omdømmebygging

Fasar

- Arbeidet med prosjektet starta med drøftingar i "tenketanken" i Ål kommune.
- Forstudie var første fase i prosjektet.
- Forprosjekt var neste fase, som vart gjennomført i samarbeid med næringslivet og organisasjonane i Ål.
- Hovudprosjektet er utvikla gjennom eit samarbeid mellom Ål kommune og Ål Utvikling, og har vore leia av styringsgruppa.

Prosess

- Tidleg vart det gjennomført to "brukarundersøkingar", som ga eit bilete av oppfatninga av Ål.
- I hovudprosjektet har det vore gjennomført møter/dialog med følgjande:
 - Formannskapet
 - Kommunestyret
 - Næringslivet/Ål Utvikling
 - Ål Ungdomsskule (elevane i 10. klasse)
- Styringsgruppa har vore på studiereiser til:
 - Drammen kommune
 - Siljan-området i Sverige
- Utkast til plan for profil og omdømmearbeidet har vore lagt ut til offentleg ettersyn. Dei få innspela som kom er vurdert av styringsgruppa og lagt inn i planen så lagt gruppa har funne det rett.